



Johannes Gjerstad

Sendt til:

johannesgjerstad@gmail.com

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/446 - 23/11787

Saksbehandlar:  
Sture Helle  
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:  
25.05.2023

## GBNR 29/7 - Hartveit - Hovden - Osterøy kommune - Orientering om saksgang etter kulturminnefagleg tilbakemelding på Vestland fylkeskommune

Det vert vist til ny søknad (søknad nr. 2) om bygging av landbruksveg klasse 4 i ovannemnde sak. Tidlegare søknad om bygging av skogsveg (søknad nr. 1) er avslått etter endeleg vedtak i klagesak av Statsforvaltaren i Vestland.

Søknad nr. 2 vart registrert motteke 2. februar 2022. Søknaden vart motteke parallelt med at den første søknaden var under klagehandsaming hjå statsforvaltaren. Kommunen sitt avslag knytt til søknad nr. 1 vart stadfesta av statsforvaltaren gjennom vedtak av 20. juni 2022.

Søknad nr. 2 vart sendt på høyring til statsforvaltar og fylkeskommune ved skriv av 18. mars 2022. Kulturminnefagleg tilbakemelding frå fylkeskommunen vart motteke frå Vestland fylkeskommune ved skriv av 9. august 2022. Kopi av dette skriv vart sendt deg som søkjar direkte. Det kjem fram av tilbakemeldinga at det er påvist konflikt med automatisk freda kulturminne. Avslutningsvis i tilbakemeldinga frå fylket heiter det:

«Når kulturminneverdiane er kartlagt og det er påvist konflikt med automatisk freda kulturminne, må dette søkjast løyst gjennom endra vegline eller dispensasjon frå kulturminnelova. Tiltak som bygging av landbruksveg skal handsamast etter kulturminnelova § 8 1. ledd. Sak om dispensasjon frå kulturminnelova skal gå gjennom Riksantikvaren sitt system «digisak.no». Det er søkjar som sender inn eigen søknad i dette systemet [...]»

Kopi av tilbakemeldinga ligg ved.

Kommunen har ikkje motteke ytterlegere merknader eller tilbakemelding frå deg som søkjar etter dette. Med bakgrunn i tilbakemeldinga frå fylket og det stadfesta avslaget på søknad nr. 1, har kommunen vurdert at det ikkje er grunnlag for å gå vidare med handsaminga av søknad nr. 2.

Det vert sett frist til fredag 30. juni 2023 for merknader til dette skriv, evt. Innsending av supplerande opplysningar i saka. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen, vil saka knytt til søknad nr. 2 verte avslutta.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Sture Helle  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

gnr 29 bnr 7 - Hartveit - Hovden - Osterøy kommune - Kulturminnefagleg tilbakemelding registrering  
landbruksveg -  
Rapport 36 Skogsbilveg Hartveit - Gjerstad - Hovden 2022.pdf

**Mottakarar:**

Johannes Gjerstad